

Norsk språkhistorie

<http://nsh.novus.no/>

Brev 7 til medarbeidarane, februar 2015

Status i februar 2015

Arbeidet vårt tek ofte litt lengre tid enn vi planla. Det blir lett ekstrarundar. Første bindet av Norsk språkhistorie kom ikkje før jul, som vi håpte. Men vi har gjort grundig redaksjonsarbeid og avklara mangt som må vere standardisert for heile verket. Førstekorrekturen gjorde vi unna i haust, no er illustrasjonane snart klare, og forlaget kan starte montasjen i mars. Vona no er at bindet kan vere ute ikkje lenge etter påske.

NSH II (*Praksis*) er nesten ferdig med fagfellerundane, og søknad om trykkestøtte er inne hos NFR. Redaksjonsarbeidet vil nok tøyse seg inn i haustsemesteret, men kan hende ligg det ferdig frå trykkeriet før jul. Tredje bindet (*Ideologi*) ligg ikkje langt etter, for der er første runden med fagfellelesarar over, og bind IV (*Tidslinjer*) er i fagfellerunden no. Det er dermed realistisk å rekne med at alle binda er ute våren 2016.

Redaksjonen har ein plan om å presentere *Norsk språkhistorie* på Mons i november 2015.

Utgåve og referansar

Under redigeringa av NSH I har vi måtta arbeide mykje med referansar og litteraturlister. Ettersom vi legg vekt på at dette skal vere ei bok som fyller krav til fagleg presisjon, vil vi “legge lista” høgt, og det fører til ei mengd kontrollar av detaljar for å sikre både konsekvens og nøyaktigheit. Vi har stadig møtt nye problem, slik at vi har måtta bestemme tilleggsprinsipp for korleis oppføringane skal vere. Sjølve malane for korleis ein skal føre opp ein publikasjon i litteraturlista, står no som “formlar” og med eksempel i retningslinjene, som de finn i revidert form på heimesida.

Vi har streva noko med omgrepet *utgåve*, som er noko anna enn *opprykk*. Eit poeng er at vi bør referere til siste utgåva for å unngå at vi ikkje får med oss slikt som forfattaren sjølv har forandra, eller ev. “filologiske” korrigeringar som andre har lagt inn for å rette opp teksten. Det siste er tilfellet med f.eks. *Norsk Målsoga* av Indrebø, som kom i ny *utgåve* i 2001. Då refererer vi i teksten til den utgåva og til sidetal der (f.eks. Indrebø 2001: 123), men opplyser i ein annotasjon i litteraturlista etter den lange streken — om førsteutgåva frå 1951. Faghistorisk er denne dateringa viktig. Altså slik:

Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. ved Oddvar Nes. Bergen: Norsk bokreidingslag. — 1. utg. 1951 ved Per Hovda & Per Thorson. Bergen: John Grieg.

Men i ei historisk framstilling kan første utgivingsåret vere eit viktig poeng og altså meir enn ein referanseteknisk kode. For eksempel er Aasen 1848, 1850, 1864 og 1873 og Knudsen 1876, 1879–81 og 1886 språkhistoriske aktstykke, og då er det forvirrande å vise til årstal frå 1900- og 2000-talet. Då bør vi lengst råd vise til dei utgåvene Aasen og Knudsen innverka på språkdiskursen med, og dét er teknisk uproblematisk så lenge ein viser til paragrafar eller ordoppslag, for då kan lesaren finne lett fram også i seinare utgåver eller opptrykk. Nyare og lettilgjengelege utgåver opplyser vi om med ein annotasjon i litteraturlista.

Der utgivingsåret er eit poeng i framstillinga, men der det samtidig er uråd eller upraktisk både for forfattar og lesar å finne fram til utgåva åt forfattaren, kan ein føye til i teksten at sidetalet ein viser til, gjeld ein nyare tekst (utgåve eller opptrykk), f.eks. slik: “meinte Nielsen (1874, jf. s. 36 i utg. frå 2004)”.

Annoteringane i litteraturlista kan altså vere viktige både faghistorisk og som praktisk hjelp for lesarar som blir så interessert i stoffet at dei vil leite vidare. I annotasjonane bør det òg skiljast mellom nye *utgåver* (der noko er forandra i originalteksten) og *opptrykk*.

Resursar på nettsida vår

Alt arbeidet som er lagt ned med korrekte og fyldige litteraturreferansar i bind I, er ei investering som seinare bind kan nyte godt av. Når litteraturlista no snart er klar, blir ho lagt ut på nettsida vår *nsh.novus.no* under “For bidragsytere”. Vi ber forfattarane i dei seinare binda gå inn der for å sjå om referansen/oppslaget dei treng, alt står. I så fall kopierer dei det over til eige manus, og vi er sikre på at all akribi er på plass. Det er spart arbeid for både forfattarar og redaksjon. Når NSH II er klar, blir litteraturlista der føydd til fellesresursen.

Til NSH I er det laga “Definisjonar av fagtermar”. Den lista kjem som vedlegg i bindet, men ho er òg allereie lagt ut på “For bidragsytere”, slik at andre forfattarar kan dra nytte av definisjonane. I dei neste binda kjem nye fagtermar, slik at denne resursen kan utvidast til glede for mange.

Korrektur og produksjon

Som forfattar er ein nok interessert i korleis korrekturen skal gå for seg. Vi har lagt opp til dette arbeidsløpet:

Når redaktør og redaksjonssekretær har gjort ferdig heile bindet, dvs. forord, kapittel og definisjonar, går kapitla med ‘spor endring’ tilbake til forfattarane slik at dei skal kunne godkjenne det som er gjort i redaksjonen. Samtidig får dei ein pdf av det reine kapittelet til å skrive inn korrektur i. Dette er den siste tekstkorrekturen dei får, og ingenting kan forandrast i teksten etter dette.

Neste fase er at redaksjonssekretæren innarbeider korrekturen i sin Word-versjon, og no går alt i reine filer til forlaget, som set heile manuset i sitt “boktrykk-program”, som er noko anna enn Word. Her blir så illustrasjonar sett inn i teksten. Redaktør og redaksjonssekretær får alt (sidekorrekturen) til gjennomsyn og kommentar. Dei les her

korrektur på det heile og skal vere ekstra observante på kryssreferansane, på linjeskifte og orddeling.

Når forlaget har fiksa alt etter desse siste kommentarane, går montasjekorrektur ut til forfattarane, som skal kommentere viss dei oppdagar at noko er komme skeivt ut i oppsettet, f.eks. er blitt misforstått. (Men altså ingen tekst-korrektur lenger!)

Forlaget administrerer montasjekorrekturen og rettar. Før boka går til trykking, får redaktør og redaksjonssekretær blåkopi av bindet – til “velsigning”.

Historiske namn

Norsk språkhistorie skal følgje offisiell språknorm, som òg omfattar skrivemåtar av stadnamn og historiske namn. Enklaste oppslagsverka for nynorsk og bokmål er dei to handordbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*. (Nettutgåva av den siste er ikkje heilt oppdatert enno.) Sentrale stadnamn finn ein i offisiell form i *Norsk stadnamnleksikon*, utanlandske stadnamn i *Geografiske navn i flere språk* (Novus, 2006), som òg finst på nettet: sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Geografiske_namn/. Legg merke til at vi skriv namn i nabolanda mest mogleg slik dei blir skrivne der, altså f.eks. *Göteborg* med *ö* og *Tórshavn* med *ó*. Desse referanseverka er nok kjent for dei fleste. Men ikkje alle er like klare over at også ei mengd namn – både stadnamn og personnamn – frå historia har ein fastlagd skrivemåte; dei finn vi på sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Historiske_navn/. Å normere desse namna er eit moderne “påfunn”, for i samtida blei namna brukt i svært skiftande former. For oss ville det vere upraktisk å ikkje ha standardisert desse namneformene. (Tenk berre på namneregistera vi skal ha!) Her er det ikkje noko som heiter nynorsk- og bokmålsform.

Det kan vere ulike oppfatningar av kva som burde vere rett her som elles når det gjeld skrivemåtar, men kongen i Noreg frå 1073 til 1103 heiter altså *Magnus Berrføtt*. Den velkjende *Snorre* var *Sturlason* eller *Sturluson* (altså valfritt). Den eine av desse formene kunne nok problematiserast, men fastlagt betyr fastlagt. Vedtaka byggjer på mange kompromiss mellom fleire omsyn, jf. sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Historiske_navn/Retningslinjer/. Her ser ein f.eks. at islendingen Snorre måtte blitt omtalt som Snorri Sturluson viss han levde etter 1500.

Namn frå tida etter reformasjonen er det ofte meir vingling i. I samtida var skrivemåtane svært “kaotiske”, og derfor standardiserer vi namn frå *før 1700*. Etter 1700 blir stabiliteten større, og dei normerte formene er lagt nær skrivemåten frå samtida. Bruken av patronymikon er svært vanleg på denne tida, og her er det rydda nokolunde etter dominansen i samtida slik at *-son* skal brukast i namn før 1600, og *-dotter* på namn før 1700. Det gjer at at Absalon Pedersson Beyer (1528–75) får namnet sitt skrive nettopp slik – og altså med to s-ar.

Frå tida før 1700 har vi “Christen Iensøn”, som sikkert blei omtalt som Jensson i Sunnfjord, men ettersom han er fødd etter 1600 (nemleg i 1607), skal han etter reglane få namnet skrive *Jenssøn*, og vi skriv to s-ar. Fornamnet skriv vi *Kristen*, altså med Kr-, som i andre tilsvarende namn før 1700. Han er aktuell for fleire av forfattarane i NSH, og det same er *Dorothe Engelbretsdotter*, som altså er fødd før 1700 (nemleg i 1634).

Ny periodebetegnelse

Perioden som har vært kalt både *Det nasjonale gjennombrøtet/Det nasjonale gjennombruddet* og *Etter dansketida/Etter dansketiden*, har vi nå blitt enige om at det er greiest å kalle *Unionstida/unionstiden med Sverige*. Det er denne unionen som definerer årstallene 1814 og 1905, og å bruke en slik betegnelse stemmer bedre med det som ellers er valgt som periodebetegnelser i verket. Vi har som kjent prøvd å bruke ikke-språklige periodebetegnelser som er helt entydige.

Redaksjonssekretæren

Sine Halkjelvik Bjordal, som har arbeidet for oss som redaksjonssekretær siden begynnelsen av 2013, har sagt opp stillingen sin og begynt som doktorgradsstipendiat ved Universitetet i Oslo, Institutt for kulturstudier og orientalske språk. Der skal hun forske på debatter om kulturminnevern i norsk offentlighet på 1800-tallet, med spesielt fokus på Foreningen til Norske Fortidsminders Bevaring og deres retoriske praksiser. Prosjektet hun er tilknyttet, heter "The printed and the built. Architecture and public debate in modern Europe". Vi ønsker Sine lykke til og takker for innsatsen for NSH og for godt samarbeid.

Stig Rognes har tatt over som redaksjonssekretær, først i 50 % stilling da Sine var i morspermisjon sommeren og høsten 2014, og fra 01.01.2015 i full stilling. Stig tok mastergraden i 2011; avhandlingen tok for seg syntaks i dialekter i Rogaland. Han har allsidig arbeidserfaring, både som lærer, som vitenskapelig assistent på oppbyggingen av språklige korpus og som redaksjonsmedarbeider. Han er allerede godt i gang med de ulike arbeidsoppgavene knyttet til de ulike stadiene som NHS-bindene nå er i, og han har god oversikt over både helhet og detaljer. Mange av dere har allerede vært i kontakt med Stig, han har kontaktadresse *stig@novus.no*.

Retningslinjer

Vi blir aldri lei av å minne forfatterne om at retningslinjene er til for å brukes. Alternativet til å ta i bruk de vedtatte konvensjonene med en gang er at en må gå gjennom manus og rette opp på et senere tidspunkt, noe som er tidkrevende både for forfatter og redaksjon. Oppdatert versjon ligger på nettsiden vår. De kan bli oppdatert enda flere ganger, så sjekk om du har siste versjon når du arbeider med manuset ditt.

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>